



Rutinar ved levering og henting i barnehagane på «gult nivå»

Vi er framleis i ein pandemi-situasjon, som vil prege barnehageåret. Dette gjer at barnehagen ikkje fungerer heilt som normalt ennå, og at vi vaksne må tilpasse oss ein situasjon kor terskelen for å vera heime ved sjukdom er låg og med auka fokus på handvask og avstand oss i mellom.

Barnehagane følgjer ein trafikklysmoell for smitteverntiltak. Ved starten av barnehageåret, er alle barnehagane i Noreg på «gult nivå». Det vil seie at vi har nokre ekstra tiltak for å hindre smitte.

Ved levering og henting i barnehagane gjeld desse rutinane:

- Føresette skal helst levere i garderoben. Dersom du treng å følgje barnet ditt inn på avdelinga, skal du ikkje opphalde deg der lenger enn strengt naudsynt.
- Frukost blir servert som normalt frå 01.09.20.
- Alle barn og vaksne skal vaske hender når dei kjem til barnehagen. Vaksne skal vaske hender når dei kjem for å hente.
- Berre ein vaksen skal følgje barnet til/frå barnehagen. Sysken eller andre skal ikkje følgje med.
- Den vaksne som leverer eller hentar må vere frisk, og ikkje ha symptom på luftvegsinfeksjon.
- Vaksne skal halde min. ein meter avstand til andre vaksne, både andre føresette og tilsette.



Med helsing

Barnehageleiinga i Kviteseid kommune